



# Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -  
Sørviskontoret

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112,

0030 OSLO

Vår ref.  
10/6258-010/HAYK

Dykkar ref.

Dato:  
08.09.2010

## Høring om endringer i valgloven. Uttale frå Ørskog kommune.

Ørskog kommunestyre hadde saka føre i møte 26.08.10, K-sak 70/10 og det vart gjort slikt

### VEDTAK:

**Ørskog kommunestyre vedtek at det sendast følgjande uttale til kommunal og regionaldepartementet**

**Ørskog kommune har hatt tradisjon for at valstyret har samanfallande medlemmar med formannskapet. Det vil seie at det er sentrale politikarar i kommunen, som også har stått på lister til kommuneval, som har delteke i gjennomføring av valet på ulike måtar. Også listekandidatar har vore medlem i røystestyra.**

**Om ein skulle avgrense listekandidatar frå å vere medlem i røystestyre eller valstyret vil ein mest sannsynleg få utfordringar med å stille nok og kvalitativt god nok mannskap til å gjennomføre valet. Ei slik endring vil krevje mykje opplæring av nye kandidatar. Det ligg mykje uformell valkompetanse i den erfaring som mange av dei sentrale politikarane i Ørskog har.**

**Ørskog kommunestyre vil gå imot at tidspunktet for endeleg innlevering av lister vert endra med å setje eit klokkeslett. Det bør framleis vere innan 31. mars valåret.**

Melding om vedtaket blir sendt departementet.

Med helsing

Halldis Yksnøy  
Førstesekretær

**Kopi til:**  
Ann-Mari Abelvik  
Thorbjørn Fylling

6240 ØRSKOG